



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 EIDFJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Eidfjord kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Eidfjord kommunestyre har i møtet 13.12.2021, sak 095/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Eidfjord kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

### Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

### Oppsummering

*Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, og til å setje av pengar på fond til eigenfinansiering av investeringar. Folketalet viser ei positiv utvikling siste år, og inntekter per innbyggjar ligg godt over landssnittet.*

*Svingingar i kraftprisane viser at kommunen er sårbar for endringar i inntektene når ein så stor del av desse er knytte til kraftproduksjon. Det er derfor fornuftig å ha mål som ligg godt over det anbefalte nivået, og som tilseier at ein har tilstrekkeleg med middel til eigenfinansiering av investeringar og uføresette hendingar. Folketalet tilseier at eksempelvis nødvendige utbetringar i infrastruktur ofte vil få ein høg kostnad i høve til talet på brukarar eller innbyggjarar.*



## Budsjett 2022

Budsjettet er i balanse med eit positivt netto driftsresultat på 7,3 mill. kroner, som tilsvarar 3,7 prosent av driftsinntektene. Driftsresultatet vert avsett til fond/overført til investering, og ligg godt over det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU). Kommunen fekk eit godt resultat i 2021 på 30,5 mill. kroner, som tilsvarar 13,4 prosent av brutto inntekter. Snittet for landet utgjorde 4,2 prosent.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) ligg litt lågare enn det prognosemodellen viser etter saldert budsjett og oppdaterte skattetal. Folketalet har gått opp siste året med ein auke på 1,33 prosent.

Ein stor del av kommunen sine inntekter kjem frå kraftproduksjon (naturressursskatt, konsesjonskraft, konsesjonsavgift og eigedomsskatt). Årlege svingingar i inntektene kjem som følge av endringar i kraftprisane. Kommunen har eigedomsskatt på kraftverk og på næring.

Disposisjonsfondet utgjorde 24,6 prosent, tilsvarande 56,2 mill. kroner ved utgangen av 2021, som ligg godt over anbefalt nivå.

Sum investeringar i varige driftsmiddel utgjer 33,6 mill. kroner i 2022. Dei største investeringane er innanfor VAR-sektoren og nytt reinseanlegg i Sysendalen, som er sjølvfinansierande. Investeringar elles er treningssenter i idrettshallen, EL-tavle i samfunnshus og ventilasjonsanlegg ved Læg Reid skule. Kommunestyret har vedteke at investeringane skal finansierast ved opptak av nytt lån på 20 mill. kroner, og resten ved bruk av fond og kompensasjon for meirverdiavgift.

Kommunen hadde ved utgangen av 2021 ei langsiktig gjeld på om lag 146,3 mill. kroner, som utgjer om lag 64 prosent av brutto inntekter. Snittet for landet (eks. Oslo) utgjorde 114,9 prosent.

## Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Økonomiplanen er i balanse og viser at netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter er positive for alle åra i planperioden. Resultatet går noko opp i 2023 til 17,6 mill. kroner, men ligg elles i perioden på 12,7 og 13,3 mill. kroner. I 2023 utgjer resultatet 8,8 prosent av brutto inntekter, og 6,3 og 6,5 prosent dei andre åra. Deler av driftsresultatet vert overført til investeringar og resten avsett til fond kvart år.

I planperioden vert det lagt opp til samla investeringar på 148,2 mill. kroner. Desse skal finansierast ved låneopptak på 135 mill. kroner, eigenfinansiering med 12,1 mill. kroner og kompensasjon for meirverdiavgift på 2,5 mill. kroner. Låneopptaket er til den største investeringa i perioden, reinseanlegget i Sysendalen, som utgjer 135 mill. kroner og er sjølvfinansierande. Det er elles små investeringar som belastar drifta i perioden. Ved utgangen av perioden vil samla lån utgjere om lag 256 mill. kroner, som tilsvarar 124,7 prosent av brutto inntekter. Det er lagt inn ein auke i rente- og avdragsutgifter på 4,6 mill. kroner i løpet av perioden.



## Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Eidfjord kommunestyre har vedteke følgjande måltal i prosent av inntekter:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 10 %
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter: 25 %
- Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter: 90 %

I budsjett- og økonomiplanen er følgjande tal lagt til grunn:

	<b>mål</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Netto driftsresultat	10 %	3,7 %	8,8 %	6,3 %	6,5 %
Lånegjeld	90 %	77 %	89 %	108 %	125 %
Disposisjonsfond	25 %	21 %	23 %	25 %	24 %

Kommunen vil vere måloppnåande på disposisjonsfond, og få ei klar forbetring av netto driftsresultat i perioden. På grunn av sjølvfinansierande investeringar, vil lånegjelda liggje over måltalet ein periode, utan at det er knytt risiko til dette.

## Statsforvaltaren sine vurderingar

*Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, og til å setje pengar på fond til eigenfinansiering av investeringar. Folketalet viser ei positiv utvikling siste år, og inntekter per innbyggjar ligg godt over landssnittet.*

*Svingingar i kraftprisane viser at kommunen er sårbar for endringar i inntektene når ein så stor del av desse er knytt til kraftproduksjon. Det er derfor fornuftig å ha mål som ligg godt over det anbefalte nivået, og som tilseier at ein har tilstrekkeleg med middel til eigenfinansiering av investeringar og uføresette hendingar. Folketalet tilseier at eksempelvis nødvendige utbetringar i infrastruktur ofte vil få ein høg kostnad i høve til talet på brukarar eller innbyggjarar.*

*Budsjett- og økonomiplandokumentata er i samsvar med lov og forskrift, er oversiktlege og eit godt plan- og styringsdokument. Økonomiplanen utgjer kommunen sin handlingsdel. Det er bra at dokumentata har med mål og utviklingsoppgåver for kvart tenestemråde, med ulike tiltak og aktivitetar for det kommande året.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*